

Nei til Statkraft sine planar i Jostedal

Heile austsida av Jostedalen er som kjent utbygd med 19 elve- og bekkeinntak. På vestsida er to elvar allereie bygde ut, Leirdalselvi og Fonndøla. Så vidt eg kjenner til er det ikkje sett krav om minstevassføring for nokon av inntaka. Den utbygginga som har skjedd, har ført med seg ei rekke skader og ulemper. Kort sagt har Jostedølene fått evigvarande ulemper og Statkraft har fått evigvarande fordeler. Luster kommune har fått store inntekter i form av eigedomsskatt, konsesjonskraft og næringsfond, og Jostedalen har fått samfunns-hus. Sett i forhold til dei verdiane som blir skapte er det likevel småpengar som blir att i lokalsamfunnet.

Statkraft har søkt konsesjon for utbygging av Vigdøla og 6 nye elvar på vestsida, med elveinntak på om lag 500 moh. Dersom Statkraft sine planar skulle blitt gjennomførde, ville nesten alle sideelvane bli regulerte, og dalen bli turrslagd på begge sider.

Utbygging av «Flaumelvane på vestsida» var framme i samband med konsesjons-handsaminga av austsideutbygginga i 1980 åra. Bakgrunnen for dette var at ein trudde at utbygging ville føra til flaumdemping. NVE har slått fast at utbygging av vestsideelvane ikkje har nokon betydning for flaumdemping, fordi slukeevna i den planlagde overføringstunnelen på vestsida berre er omlag 4% av vassføringa i Jostedalselva ved flaumen i 1979. Den planlagde utbygging ville gitt Luster kommune ei årleg inntekt som tilsvarar om lag 1% av kommunebudsjettet. Ut frå tidlegare røynslar er det ingen grunn til å tru at utbygginga fører med seg fordeler for dalen.

Konsekvensane av ny utbygging må vurderast i samband med dei skader og ulemper som den tidlegare utbygging har ført med seg.

Nedanfor skal eg kort og stikkordsmessig peike på nokre hovedgrupper av konsekvensar:

1. Jostedalselva.

Ved reguleringa av austsideelvane vart mykje av det «klare» vatnet (vatn med lite innhald av silt eller leire, det som vi i Jostedal kallar evje) borte. Evjeinnhaldet i elvane frå breane vert difor «spedd» ut i mindre vassmengde i Jostedalselva (Storelvi), og konsentrasjonen av evje blir større. Elva er blitt ei stygg grå «evjesuppe» i store deler av sommaren. Evja avleirar seg både på elvebotn og elvebredden langs heile vassdraget. Ved gjennomføring av Statkraft sine planar vil dette bli verre og svært uheldig for alt levande i elva på grunn av større konsentrasjon av evje i vatnet og lågare temperatur. Laksen vil neppe overleve og auren går ei svært utrygg framtid i møte. Problema for dei som er avhengige av brønn for vassforsyning blir endå større.

2. Planteproduksjon – landbruk.

Før utbygginga av austsida

var det eit fint tilpassa natursystem: når temperaturen steig, auka vassføringa i elva og dermed steig grunnvatnet som i sum ga gode vekstvilkår. Dette systemet er alt skipla og vil bli endå meir skipla ved ny utbygging. Lågare temperatur i elva vil påvirke lokalklimaet og dette er uheldig for landbruket, fordi klimaet frå før set grenser for mange vekster.

Storparten av dei lett drivne jordbruksareala i Jostedal ligg på elvesletter (elveavsetningar) som er utsette for tørke på forsommeren. Konsentrasjonen av evje i elva er som nemnt alt stor, og ville blitt enda større ved ny utbygging. Vatn frå Jostedalselva kan difor vanskeleg brukast til vatning av matplanter og kanskje heller ikkje til eng som skal brukast til foring av mjølkekyr.

3. Jostedalsbreen – nasjonalparkar.

I tillegg til skadeverknader for Jostedalselva ville Statkraft sine planar ha ført med seg mange negative konsekvensar, mellom anna for biologisk mangfald. Det vil føre for langt å komme inn på alle desse konsekvensane. Eg vil berre peike på at Noreg har eit stort ansvar for å forvalte den største isbreen på det europeiske fastlandet. Det er ikkje nok å tenkje berre på sjølve breområdet, ein må sjå samanhengen med heile landskapet omkring breen, landformer, vassdrag, vegetasjon, skog, jordbruksareal og andre kulturspor. Brelandskapet har unike kvalitetar både i nasjonal og internasjonal samanheng. Det ville vere ein parodi på miljøvern å verne breen, samstundes som elvane frå breen skulle turrleggast. Turrslagde sideelvar og ei stygg evje grå elv midt mellom to nasjonalparkar vil også vekke oppsikt internasjonalt og ville stille norsk miljøvern i eit underleg lys.

4. Reiseliv/næringsliv.

Det norske reiselivet er landskapsbasert. Landskapet er fellesnemnaren for dei natur- og kulturressursar som er basis for reiselivet. Landskapet har tredobbel funksjon i reiselivet: Landskapet er ramma rundt opplevinga av det enkelte reiselivsprodukt, landskapet er arena for aktivitetar og landskapet eller landskapselement er attraksjon i seg sjølv. Jostedalsbreen er ein svært viktig eksponeringsprofil i markedsføringa av reiselivet både internasjonalt, nasjonalt og regionalt. Det vert svært vanskeleg å nytte breen som eksponeringsprofil dersom nesten alle elvar i brelandskapet blir regulerte.

Reiseliv er ei bygdenæring og ei næring som veks raskt. Det er difor svært viktig å ta vare på ressursgrunnlaget for reiseliv og for kombinasjonen reiseliv og landbruk. Reiselivet er ei av dei viktigaste næringar for dei indre bygdene på Vestlandet. Men basisressursen, landskapet, er i ferd med å forringast som følgje av attgroing, turrslagde elvar og andre store inngrep i land-



ANSVAR: Kristen Øyen peiker på at Noreg har eit stort ansvar for å forvalte den største isbreen på det europeiske fastlandet også i reiselivssamanheng. (Illustrasjonsfoto)

skapet. I 2010 var miljøvernministeren og kommunalministeren på vitjing i Luster i samband med programmet «Naturarven som verdiskapar», der formålet er å legge til rette for auka verdiskaping. Basisressursen for denne verdiskapinga må sjølv sagt vere natur- og kulturlandskapet, der brelandskapet utgjør ein viktig del.

5. Kommuneøkonomi, arbeidsplassar og fråflytting.

Trass i styrka kommuneøkonomi held fråflyttinga frå bygdene fram, fordi det manglar arbeidsplassar i næringslivet. Hovudutfordringa er både å halde oppe dei arbeidsplassane som er i næringslivet og å skape nye. I utviklinga av reiselivet er det avgjerande å utnytte dei lokale konkurransefortrinn som for

Luster/Jostedal er Sognefjorden og Jostedalsbreen. Utbygging som forringar ressursgrunnlaget både for landbruk og reiseliv kan ikkje kompenseras med nokre skattekrone (1% av kommunebudsjettet).

Som avslutning vil eg slå fast at Statkraft sine planar for utbygging vil gi skadeverknader for miljøet og næringslivet i Jostedal, og ville blitt ei

svært stor totalbelastning for heile dalen. Utbygging ville også ha ført til skadeverknader for nasjonale miljøverdier og spesielt for det største isbrelandskapet i fastlandseuropa. Vidare utbygging ville også vere til skade for norsk reiseliv generelt og spesielt for reiselivet på Vestlandet.

Kristen Øyen

Vegprosjekt Vik Stadion

Vik kommune har i haust stått for bygging og utforming av nytt vegkryss ved Vik Stadion.

Eg forstår at kommunen er oppteken av at området skal sjå bra ut, men eg tillet meg å setje fokus på om det er tryggleik, eller estetikk som har vore høgst prioritert.

Som biletet viser, er det no lagt ein steinkant ut i tidlegare eksisterande veg, og der brua sluttar har vegen fått ny utsjånad. Store delar av området er no dekket med stein og jord, og i utgangspunktet er det nok tenkt at det skulle lagast eit nytt og betre kryss.

Det er då freistande å stille spørsmål om kva/kven kommunen prioriterer. Dersom det er brukarar av vegen, er krysset definitivt lite gjenomtenkt spesielt i høve til mjuke trafikkantar, dvs fotgjengarar og skuleelevar ved Flatbygd.

Underteikna krev eit svar frå dei ansvarlege om dette fremjar tryggleiken til folk, både oss i bil, og ikkje minst dei som er fotgjengarar!!

Krysset er no laga slik at det ikkje berre er vanskeleg for fotgjengarar, men og for dei som køyrer bil. Med ei fartsgrense på 50 km/t kan det fort skje ei ulykke, og eg torer ikkje tenkje på korleis krysset blir på vinterstid.

Prosjektleiinga har her nytta mykje energi på



IRRITERER: René A. Haugen har illustrert korleis den nye utforminga av dette krysset skapar problem.

estetikk/utføring, og minimalt på tryggleik, spesielt for dei «mjuke» trafikantane. Sidan dette er ein kommunal veg, er vel ikkje Statens Vegvesen inne i bilete, men når ein ser resultatet, burde dei absolutt vore det!

Krysset er betydeleg trongare enn tidlegare, og med tanke på den store trafikken både med bular og turistbusar til stavkyrkja, kan det fort skje ulykker. Eg har sjølv

observert ein bil som ikkje klarte svingen og landa med framhjula over steinkanten. Det kan fort bli fleire slike hendingar framover, i verste fall kan det vere fotgjengarar involverte.

Eg stiller meg difor undrande til at ordføraren, som står fram i avisa og er oppteken av eit knekt tre, ikkje er meir kritisk til korleis trafiktryggleiken vert ivareteken på staden.

Underteikna ber kommunen sjå på området med nye «friske auge», og dermed vurdere situasjonen på nytt. Eg har forståing for at kommunen er oppteken av at området ser fint og flott ut, men;

Det må likevel ikkje gå på kostnad av tryggleiken til dei som ferdist i det aktuelle området.

René A. Haugen